

## Haustetilrådingar per 28. aug 2011 (etter prøveuttaking 27.aug)

NLR avd. Njøs er då starta opp att med uttak av prøvar for vurdering av haustetid. I år i enno tettare samarbeid med Sognefrukt, ved at Solveig også er med oss ut i deler av hagane + på analysearbeidet etterpå. Også i år kjem me til å ta ut prøvar frå nokre hagar konsentrert til Sognefrukt sitt område, og så lyt kvar og ein ellers relatera til eigen hage og kontrollera frukta si sjølv.

For å koma tidsnok i gong med haustinga på tidlege stader, gjer me i år ein vri ved at me heile tida tek ut flest prøvar i dei tidlegaste områda for kvar sort. Desse blir så supplert med prøvar for tilsvarende sortar i seinare områder ved neste prøveuttak. **Gevinsten ved å koma tidleg nok i gong med haustinga, er at dyrkar får betre betalt og frukta optimal kvalitet.**

Prøvar vil framover bli samla inn og analysert ferdig på måndag og haustetilrådinga sendt ut seinast på tysdag, dermed vonar me å koma ut med tilrådinga 1 dag tidlegare enn i fjor. Me tek ut prøvar kvar måndag f.o.m 27.aug t.o.m 24.sept. Me tek kontakt med eigar av prøveuttaksfeltet på førehand, og som takk for hjelpa sender me også analyseresultata til dyrkaren.

Det vil bli arrangert ein fagdag på Sognefrukt **onsdag 12.september kl 14** der ein får opplæring i måling av eiga frukt og kan kjøpa naudsynt utstyr. Nærare innkalling vil koma.

**Tips!** Liste over tilrådde refraktometerverdiar og fastleik for dei ulike sortar er lagt ut på Sognefrukt sine heimesider. Her ligg også bruksanvisning for korleis ein går fram ved målingane. Ferdig utblanda jod kan medlemmar i NLR truleg også heretter få kjøpt ved henvending til Landbruksrådgjevinga på Njøs. (Prisstigning på dette, gjer til at me ikkje kan dela ut gratis som tidlegare.) Landbruksrådgjevinga sel også hefter med bilete av rettleiande stive- og streifverdiar til kr 100. Hugs at refraktometerverdi ikkje må brukast som einaste haustekriterium, då det fortel om kvaliteten og ikkje så mykje om utviklinga. Den må sjåast i samanheng med fastleik og stive-innhald.

Ver merksam på at frukta modnar tidlegare på unge tre, tre med lita avling og på svake grunnstammer. Det er tilrådd at frukta vert hausta i fleire omgongar for å få maksimal kvalitet.

Grunnfargen MÅ vera på plass før hausting, og ein god indikasjon er også om frukta smakar godt!

## Discovery

Det er teke ut prøvar på Leikanger, Slinde og Sogndal. Frukta har byrja få fin raudfarge og også grunnfargen er byrja å koma på plass. Frukt på yngre tre og M9 grunnstammer er lenger kome enn på eldre tre og M26 stammer. Fruktenes er enno for faste, og har mykje å gå på når det gjeld stive, men sukkeret byrjar koma på plass, noko som indikerer god kvalitet. Streifindeksen indikerer at ein kan byrja å plukka utor i toppane (10-15% av frukta på trea) på Slinde alt i neste veke. Men avvent med fordel til nytt prøveuttak på måndag 3.sept. Dei andre stadene må venta.

**NB! Ver oppmerksom på små, usmakelege, grøn-grå farga epler som kan vera teikn på Heksekost. Dette er ein sjukdom som det er meldeplikt for, så merk trea med plastband e.l. og ta kontakt med Mattilsynet eller oss i Landbruksrådgjevinga. Pålagt uttak av tre gjev rett til erstatning.**

## Clara Frijs

Det er teke ein prøva på Slinde, der alle verdiar viser at der enno for tidleg å hausta, men at avlinga ligg an til å bli jevn og fin. Nye prøvar og i fleire felt vil bli teke på måndag 3.sept. Ver merksam på a kvede A grunnstammer er tidlegare enn frøstammer, så på sistnemde og på Brokmal må ein venta med å hausta minst ei veke i høve til når det er hausteklart på Kvede A. På Brokmalstammer må dyrkar sjølv ta ut prøvar.

I seinare uttak av prøvar vil det i tillegg også verta teke prøvar av Raud Gravenstein, Summerred og Raud Aroma/Aroma. Me tek kontakt med aktuelle dyrkarar.

Det vil bli teke ut prøvar att på måndag 3.sept.

Mvh

Norsk Landbruksgiving Sogn og Fjordane

Marianne Bøthun; tlf: 95290740

Olav Sørum; 97145058